

Jenter 11 og 12 år vann alle sine kampar på Bø Cup

11.06.2018



Jenter 11 og 12 år vann alle sine kampar på Bø Cup, her saman med trenar og lagleiar.

Uskedal Idrettslag hadde heile fire lag med på Bø Cup i år. Lagleiarar og trenarar var gode nøgde med opphaldet, både det sportslege og det sosiale. Uskedalen.no prøver å fylgja opp med innlegg og bilet. Takk til dei som sender oss stoff. Her kjem ein liten rapport frå Jenter 11 og 12 år.

Vi budde på Sanda camping, og både spelarar og foreldre hadde det sosialt og kjekt der. Vêret var strålande og det var bading og kos til langt på kveld.

Fyrste kamp på lørdagen var mot Bygdø Monolitten Bandidas. Uskedalsjentene spelte i denne kampen det beste dei nokon gong har spelt og vann 2-0.

Neste kamp var mot Nøtterøy. Då trenaren til Nøtterøy sa dei hadde vunne 4-1 mot Kongsberg, så vart nok jentene litt bekymra, men dei fortsatte den gode innsatsen frå forrige kamp, vant dueller og stod på, og jammen vann dei denne kampen og, 3-2.

Både spelarar, foreldre og trenarar var i lykkerus og kunne feira med å gå i Badeland!

Siste kampen var på søndag kl 12.40 mot Kongsberg. Jentene virka litt trøtte og var varme under oppvarming. Uskedal fekk tidleg mål. Det vart ein spanande kamp med sjansar for begge lag og gode redningar av keeper. Endelig blåste dommaren av kampen, og jentene kunne jubla for endå ein seier!

Alt fungerte for Uskedal J12 på denne cupen frå keeper, forsvar, midtbane og til spiss. Heiagjengen på sida og trenar og lagleiar er imponerte og stolte over innsatsen til dette laget som består av jenter 11 og 12 år.

Trenar: Steffen Kristiansen

Lagleiar:Hege Lekva

Tekst: Hege Lekva

Foto: Janne Hjelmeland

Nett/redigering: Kristian Bringedal